



Møtereferrat

Organisasjon:	SIMAS IKS
Møtenummer:	1-2021
Dato:	15.12.20
Tidspunkt:	09.30-13.00
Stad:	Quality Sogndal Hotell, Sogndal kommune
Type handsaming:	Styremøte

Til stades:

Jøril Hovland (styreleiar)
Petter Sortland
Anne Kauppi
Birgit Lervik
Geir Ove Bøthun
Marianne Ovrud
Åge Skrede
Arnstein Menes

Frå administrasjon:

Hallvard Thomassen, Aud Jane Beheim, Dagny Ugulsvik Alvik, Geir Øygaard

Forfall

Ivar Kvalen

Godkjenningssaker:

- G 01/21** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Innkalling og sakliste vart godkjent
- G 02/21** **Godkjenning av referat frå styremøtet 15.12.20**
Referat frå styremøtet 15.09.20 vart godkjent og signert.

Orienteringssaker

- O 01/21** **Driftsorientering**
Administrasjon orientert om drift og pågåande saker.

Samrøystes vedtak:
Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker
- O 02/21** **Førebels rekneskap 2020**
Rekneskapsrapport pr. 31.12.2020 viser eit driftsresultat på nivå med budsjett.
Det er reduksjon i både omsetnad og kostnader i høve budsjett.

Samrøystes vedtak:
Styret tek rekneskapsrapporten pr oktober til vitande



- O 03/21** **Orientering om SIRKLA Ressurs AS**
SIRKLA Ressurs AS er påverka av pandemien, særleg på grunn av redusert aktivitet innan turistnæringa. Redusert omsetnad, men positivt resultat.

Samrøystes vedtak:

Styret tek informasjon om SIRKLA Ressurs AS til vitande

Drøftingssaker

- D 01/21** **Ny strategiplan – forslag til gjennomføring i 2021**
Det er viktig med ein målretta strategiprosess for å få ein tydeleg strategiplan for korleis eigarane ønskjer at SIMAS skal utviklast. Dette gjennom god forankring og forståing inn mot eigarar, representantskap, tilsette og innbyggjarar. Styret vil i starten av strategiprosessen invitere inn Representantskapet til «fagdag» som start i prosessen.

Konklusjon/vidare arbeid

1. *Styret gjev administrasjon fullmakt til å gjennomføre fagdagen i samsvar med drøftingane i styret.*
2. *Informasjon med fakta skal sendes ut i forkant av møtet.*
3. *Styret vedtek gjennomføring av strategiprosessen etter framlagt plan*

- D 02/21** **Styret sin årsmelding – utkast/innspeil**
Styret årsmelding følger av krava til forsvarleg rapportering til eigarane. I tillegg til styret sin årsmelding utarbeider administrasjon årsrapport som omhandlar drifta i selskapet.

Konklusjon/vidare arbeid

1. *Administrasjon utarbeider forslag til endeleg årsmelding basert på drøftingane i styret til neste styremøte*
2. *Administrasjon utarbeider eigen årsrapport som supplerer årsmelding i frå styret til neste styremøte*

- D 03/21** **Rapport internkontroll/HMS**
Internkontrollforskrifta §5 ledd 8 krev at ein skal foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen minst ein gong i året for å sikre at den fungerer som tenkt. Dette skal også opp i styret. Det er gjort ein internrevisjon av HMS-systemet av HMS-leiar i forkant som er gjennomgått i AMU den 26.01.2021. Mål og årshjul for HMS-arbeidet er sett opp.

Konklusjon/vidare arbeid

1. *Styret tek rapporten til vitande og ber administrasjon følgje opp arbeidet med internkontrollen i samsvar med dei konkrete måla som er sett*

- D 04/21** **Styret vurderer direktør og seg sjølv**
I samsvar med årsplan til styret i SIMAS IKS skal ein årleg gjennomføre ei vurdering av direktør og styrets arbeid. Dette som del av eigenoppgåva til styret. Rapport frå evalueringa vart lagt fram.



Konklusjon/vidare arbeid

1. Styret tek evalueringsrapporten til vitande

D 05/21

Vurdering av behovet for endring av Selskapsavtalen

Selskapsavtalen til SIMAS IKS vart korrigert i samband med behovet for endring av låneramma til selskapet, gjeldande frå 01.01.2020. Det er naudsynt med ein samla gjennomgang av selskapsavtalen for å tilpassa selskapsavtalen endringar i lover og forskrifter, samt få på plass betre presiseringar av konkrete paragrafar/innhald.

Konklusjon/vidare arbeid

1. Styret legg fram forslag til oppstart av arbeidet med revidering av selskapsavtalen på representantskapsmøte 23.04.21
2. Styret gjev administrasjon i oppgåve å utarbeide framlegg til revidert selskapsavtale til styremøte 01.06.21
3. Revidert selskapsavtale vert sendt på høyring i eigarkommunane med svarfrist 15.08.21
4. Revidert selskapsavtale skal leggst fram på representantskapet 22.10.21
5. Selskapsavtalen vert etter dette sendt til godkjenning i eigarkommunane
6. Revidert selskapsavtale skal gjelde frå 01.01.2022

D 06/21

Gjennomgang og evaluering av etiske retningslinjer

Saka vert utsett til seinare

Vedtaksaker

V 01/21

Opptak av lån i Kommunalbanken

Representantskapet i SIMAS IKS har gjort vedtak om å føreta investeringar i henhold til investeringsplan for 2021. Samla budsjetterte investeringar i 2021 er kr. 34.300.000. SIMAS IKS har pr 31.12.20 eit samla låneopptak på kr 54.639.160. Samla lån etter nytt låneopptak vert kr 88.939.160. I tillegg har SIMAS IKS finansielle leasingavtalar. Den 31.12.20 var restsaldo på desse kr 8.335.645. Godkjend låneramme frå eigarkommunane er kr. 120.000.000.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek å ta opp nytt lån i Kommunalbanken, stort kr. 34.300.000,- til finansiering av investeringar i henhold til investeringsplan.

Oppfølgingssaker

Oppfølgingsplan Handlingsplan 2021: Status oppfølging av strategiplan var sendt ut

Eventuelt

Ingen saker

Sogndal 16.01.2021





simas

Før eit reint og miljøvenleg Sogn


Jøril Hovland
styreleiar

Ivar Kvalen
nestleiar



Petter Sortland
styremedlem


Marianne Ovrud
styremedlem

Anne Kauppi
styremedlem


Geir Ove Bøthun
styremedlem

Birgit Lervik
styremedlem


Åge Skrede
varamedlem